

# BOKN BYGDEBLAD

NR. 6 - JUNI/JULI 1988 ÅRG. 3


UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## KARMØY VIL HA DIR- EKTE VEGSAMMABND TIL BOKN

Teknisk rådmann i Karmøy, Hans Foddal, orienterte den 8.juni Bokn formannskap om Karmøy kommune sine planar om aktuelle alternativ for å knyta Karmøy til den nye Kyststamvegen over Bokn. Fleire av alternativa har direkte konsekvenser for arealplanlegginga i Bokn kommune.

Konklusjonen for formannskapet var at planane om å knyta Karmøy til den nye Kyststamvegen også er av stor interesse for Bokn kommune, og Bokn kommune ynskjer å kunna ha observatørstatus i det kommunalt oppnemnde utvalet i Karmøy som arbeider med saka.

Kartet viser fleire alternative løysingar for tilknyting til den → nye Kyststamvegen fra Karmøy.



# KOMMUNEPLANEN

## Bokn mot år 2000

Bokn kommune planlegg nå utviklinga fram mot år 2000. Planarbeidet har til nå omfatta den langsiktige delen som omhandlar:


1. Folketalsutvikling og bustadbygging.
2. Næringsutvikling og sysselsettjing.
3. Busettningsmønster.
4. Senterutvikling/Utbyggingsområde.
5. Naturressurser.

Ein vil nå starta opp med arealdel-en av kommuneplanen. I første om-gang vil ein utarbeida kommunedel-plan for dei nærmaste areala som ligg til den nye riksveitraseen mellom Are-Alvestadkroken og Øyren på Austre Bokn.

Det vil også gå ut brev til grunn-eigarar, statiege og fylkeskommunale etatar om at arbeidet med kom-muneplanen (areal-delen) er starta opp.

Kommunen ynskjer at lag, organisa-sjonar og privatpersonar kjem med framlegg om kva kommunen bør ta opp i dette planarbeidet. Ta gjerne kontakt med rådmannen eller komm-uneingeniøren innan 1. august 1988.

Etter kvart som andre emner i kommuneplanen blir tatt opp, vil det bli annonsert - og berørte partar vil bli kontakta spesielt.




## **BRUENE I BOKN**

### **BLIR DYRARE ENN FORVENTA**

Det er nå opplyst at Ognasund bru og Boknasund bru vil bli i underkant av 20 mill.kr. dyrare enn budsjettet.

Dette vil seia at heile Bokn-sambandet nå er kome opp i ein pris av 220 mill. kroner.



# KULTURMIDLAR 1988

Desse organisasjonane har fått kulturmidlar for 1988:

## Oppstartningstilskot:

Bokn Veteran Motorsykkkelklubb, kr.  
1.700,-.

## Driftsstønad:

Austre Bokn bedehus, kr. 833,-.  
Hognaland bedehus, kr. 833,-.  
Bedehusfor. i Kyrkjebygd, kr. 833,-.

## Grunnstønad:

Bokn skulekorps, kr. 23.000,-. Bokn Brass, kr. 14.310,-. Bokn idrettslag kr. 20.000,-. Diskoteket, kr. 2.150,-. Petra, kr. 2.350,-. Lava, kr. 1.960,-. Bokn Yngres, kr. 2.250,-. Kyrkjebygd søndagsskule, kr. 1.000,-. Hognaland søndagsskule, kr. 500,-. Austre Bokn søndagsskule, kr. 800,-. Austre Bokn jente/gutteklubb, kr. 1.740,-. Barnefor. "Havdur", kr. 1.610,-. Hognaland barnefor., kr. 1.530,-. Bokn hagelag, kr. 2.000,-. Bokn vevstove, kr. 1.700,-. Bokn pensjonistforening, kr. 2.600,-. Bokn skyttarlag, kr. 2.050,-. Kyrkjetonar, kr. 750,-.

## OPP TIL OSS SELV.

Vi må gjøre noe ut av livet selv. Om vi er lykkelige eller ikke, er en smakssak, men det er opp til oss. Vi får ikke lykken på pensjon eller trygd. Det gjelder å la seg bruke, eller ta seg i bruk for å utvikle seg, og å være et ledd i en større sammenheng. Man har ikke krav på å ha det godt før man har bidratt til at det kan være mulig både for seg selv og andre. Ellers snyter man bare. Man må være med og yte sin skjerv.

Professor Kåre Rodahl  
til VI OVER 60

## Meir kultur for BUK-kommunane?

Fylkeskulturstyret gjorde den 15. juni 1988 i sak 113/88 slikt vedtak:

- Fylkeskulturstyret vil be fylkeskultursjefen å ta et initiativ overfor BUK-kommunene ang. å få fram tiltak som kan bidra til å øke de kulturelle tiltakene i disse kommunene. -

Forslaget, som vart samråystes vedtatt, var fremma av Torbjørn Rasmussen frå Utsira. BUK-kommunane er som kjent Bokn, Utsira og Kvitsøy.

Fylkeskultursjef Roald Håland seier til Bokn Bygdeblad at forslaget inneber at ein i første omgang vil arrangera eit møte med BUK-kommunane der ein vil informera om dei ulike stønadsordningane som finns innan kultursektoren

## HURTIGBATTERMINAL PA ARE

Det har nyleg vore møte mellom Bokn kommune, DSD, Samferdselskontoret i Rogaland, Vegkontoret og Haugaland Billag, om å flytta hurtigbatterinalen i Bokn til Are i 1990 når det nye ferjeleiet vert tatt i bruk.

Det var positiv tilslutning til forslaget, og saka vil gå vidare med tanke på å få tilslutning til denne ideen.

## IMPONERANDE BOKNAFESTIVAL

Boknafestivalen gjekk av stabelen sundag den 6.juni.

Mykje publikum fekk oppleva ein fin dag. Det er ikkje få timer med øving og førebuingar som ligg bak eit stor-arrangement som Boknafestivalen. For det første har ein øvingane for generelt å oppnå eit godt musikalsk nivå i kor,korps og hos dei andre utøvarane.Så skal det øvast inn program for dei ulike kora og korpsa spesielt for denne dagen.

I tillegg kjem sjølve den praktiske førebuinga og gjennomføringa av arrangementet som omfattar alt frå å vera annonsekonsulent og få inn kr. 20.000,- i annonseinntekter,trykking av festivalprogram,opplaging av mat osv.,osv.Berre dei som har vore med på slike og liknande arrangement veit kva arbeid som ligg bak.

Utan at medlemmer i Bokn Brass og Bokn skulekorps med foreldre hadde stilt opp,kunne ein ikkje gjennomført dette arrangementet.

Det har vore så brei omtale av arrangementet i dagspressa,at ein her ikkje vil gå meir inn på dette,men berre understreka at den musikalske breidd og kvalitet har nådd eit imponerande nivå som Jardar må ha ein stor del av æra for.

Boknafestivalen har stor PR-verdi for kommunen.

Det viser kva kultur kan gi,ikkje minst av verdiar som ikkje kan målast i pengar.

Når Boknafestivalen i tillegg kan skilta med eit overskot på bortimot kr.30.000,- er dette fortent til Bokn Brass og Bokn skulekorps som deler dette beløpet med kr.15.000,- på kvar.

Kr.20.000,- av fortenesta var annonseinntekter.

## BADEPLASS FOR ALLE

Friluftsnemnda vil ha badeplass i Alvestad-området.

Bokn friluftsnemnd har søkt formannskapet om raskt å behandla ein sak om offentleg badestrand på kommunen sin eigedom ved det gamle grustaket.

Bakgrunnen for søknaden er at mange i lengre tid har etterlyst ei strand ikkje for langt frå bustadområda som kan brukast av alle.Denne staden ligg høveleg til mellom Alvestad og Foresvik.

Det skulle ikkje så mykje til for å få stranda brukbar alt i år.

Vedtaket i formannskapet sa at Bokn formannskap ikkje finn å kunna håndsama forespørslar frå friluftsnemnda om å laga badeplass på kommunen sin eigedom nå,men at ein vil vurdera dette i samanheng med arealdelen i kommuneplanen.

Skal alt nå stå stille inntil kommuneplanen er endeleg vedtatt av kommunestyret?

## **FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR HYTTER PÅ DEL AV GNR.17,BNR.1.**

Bokn kommunestyre vedtok den 14.juni å godkjenna forslag til reguleringsplan for gnr.17,bnr.1.

Dette vil seia at det blir regulert inn 4 hytter på dette området på Hognaland.

Kommunestyret var på førehand på befaring i området, og i kommunestyret var det dei som meinte at området heller burde regulerast til bustadområde.

Saka har versert fleire år i ulike etatar, og fleirtalet meinte at søkerane burde hatt signal tidlegare dersom ein ville bruka området til bustadområde.

Avrøystinga viste at eit fleirtal på 14 mot 3 gjekk inn for at det skal regulerast til hytter.

## **BOKN HAGELAG**

Ved loddsalet på festen 17.mai kom det inn 1.700 kroner.

I eit styremøte i Bokn Hagelag i slutten av mai blei det bestemt at det skulle gå til innkjøp av blomsterkassar og planter til sjukeheimen. Blomsterkassane er no overlevert og me håper dei kan vera til glede for mange.

Bokn Hagelag hadde mandag 13.juni dugnad ved Boknatun. Det var 210 planter og buskar som blei sette ned.

## **HEIMEHJELP ELLER HUSMORVIKAR NÄR DOKUMENTERT BEHOV IKKJE ER TIL STADES**

Det kan leigast heimehjelp eller husmorvikar sjøl om dokumentert behov ikkje er til stades. Forutsetninga er at dette ikkje går ut over den normale drifta, og at ein betalar full pris slik at det ikkje medfører utgifter for kommunen.

## **1.507 KR. TIL AMNESTY**

3.klasse ved Bokn skule har hatt utlodning til inntekt for Amnesty International. Me laga gevinstar sjølv, og fekk gevinstar heime.

Me solgte lodd på handelslaget og på skulen. Til saman fekk me inn over 1.500 kroner!

TUSEN TAKK TIL ALLE SOM TOK LODD!

Helsing 3.klasse


**VESTRE BOKN**

I tidsrommet 20.juni - 17.august 1988 kan reisende som har transportbehov på Vestre Bokn bestille drosje mot betaling av bussbillet. Bestilling dagen før forveien.

Tlf. 04 748554

**HAUGALAND BILLAG 4/s**

**< DILHULGRU >**




## OPNINGSTIDER:

## \* LESETIPS FOR JULI:

- \* Brekstad, Kolbjörn:  
Larm. Roman. 1987.
- \* Lunde, Gunnar:  
Istid. Roman. 1988.
- \* Thorup, Kirsten:  
Den ytterste grense. 1988.
- \* Rud, Nils Johan:  
Det har ventet på deg. 1987.
- \* Schenkmanis, Ingallill:  
Cappelens kortspillbok. 1987.
- \* Geniets Röde spörrebok. 1987.
- \* Werner, Eva E.:  
På skattejakt i Norge. 1987.  
Rykter og sagn om skjulte skatter.

**DET ER BEDRE  
MED EN BOK  
I HÅNDEN...**



**ENN TI BOKER  
I HYLLEN**

**TYSDAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>**

**TORSDAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>**

**TLF: 748 500**

## **NYE bøker for barn:**

- \* Viermyr, Marianne:  
Anne opp og Anne ned. 1987.
- \* Børve, Isolde:  
Jadwiga. 1987
- \* Næss, Atle:  
Grei kamerat, Hans. 1987.
- \* Osland, Erna:  
Natteramnen. 1987.
- \* Sandsdalen, Guro:  
Asle og Frida. 1987.
- \* Goscinny, René:  
Asterix: Spåmannen. 1987.

**SOMMAR I BIBLIOTEKET:**

- \* JULI: STENGT p.g.a. ferie.
- \* AUGUST: Vanlege opningstider  
fra 2.august.

**GOD FERIE TIL ALLE BOKVENNER!**

## KONTANTLØSE TRYGDEKONTOR

Trygdekontorene i BOKN, HAUGESUND, KARMØY, TYSVÆR, UTSIRA og VINDAFJORD vil fra 1.JULI 1988 overføre alle utbetalinger over bank-/postgiro.

Vi gjør dette for å få anledning til å yte enda bedre service.Vi vil forsøke å korte ned saksbehandlertiden på pensjonsaker.Vi ønsker også å satse mer på å gi en bedre informasjon om trygderettigheter.

Krav om refusjon for utgifter som folketrygden skal betale, sendes til trygdekontoret og refusjonsbeløpet blir tilbakesendt.

Vi ønsker fortsatt publikum velkommen til trygdekontoret og vi håper nå å få bedre tid til å diskutere din sak.Bestill gjerne tid på forhånd,også utenom vanlig åpningstid som er fra kl.08.30 til kl.14.00.

Med hilsen



Jeg er  
enestående!

### Anti-JANTELOVEN

- § 1 Husk at du er enestående
- § 2 din verdi kan ingen annen måle
- § 3 du har tilstrekkelig med vett
- § 4 du har noe som andre ikke har
- § 5 du har innsikt og erfaringer som andre ikke har
- § 6 du har mye du har grunn til å være stolt over
- § 7 du duger til noe
- § 8 du har evne til å tolerere andre
- § 9 det er noen som bryr seg om deg
- § 10 du vet og kan noe som du kan lære andre

Det er førsteamanuensis Erling Førland ved Statens lærerhøgskole i forming, som har utformet Anti-Janteloven. Personlighetsutvikling er hans spesielle pedagogiske virkefelt, og i kurser for lærere tar han ofte utgangspunkt i Aksel Sandemoses vel kjente og siterte Jantelov. Den går i korhet ut på at man ikke skal innbille seg at man er noe i forhold til omgivelsene: *Du skal ikke tro at du er noe.*

## **UTBETRING AV FYLKESVEG 891 MELLOM FØRESVIK OG KNARHOLMEN**

Bokn formannskap har i møte den 31. mai gjort vedtak om å be Vegsjefen utarbeida ein utbettingsplan for fylkesveg 891 mellom Knarholmvegen og Føresvik. Formannskapet meiner at parsellen må utvidast til ein tofelts veg med eigen gang/sykkelveg. Utbetting av parsellen må vera sluttført innan åpninga av den nye riksvegen gjennom Bokn, altså innan 1. juni 1990.

Elles gjer formannskapet Vegsjefen merksam på den dårlige standard det er på dei fylkeskommunale vegane i Bokn, og ber om at det blir utarbeidd ein plan for etappevis utbetting av vegnettet generelt i Bokn kommune.

## **KYRKJESKYSEN HELD FRAM**

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 14.juni at kyrkjesskyssen skal halda fram slik som tidlegare.

Det betyr ei subsidiering frå kommunen på ca. kr.3.000,- pr. år.

## **FRÅDELING AV INDUSTRITOMT VED KNARHOLMEN**

Bokn formannskap fatta den 17.mars vedtak om å tildela Harald Nygård ei industritomt på ca. 3000 m<sup>2</sup> ved Knarholmen til mekanisk verksemd.

Bygningsrådet gjorde den 10.mai vedtak om at tomta får enkeltavkjørsel til Knarholmvegen.

## **FRI LUFTSINTERESSENE**

Torsdag, 2.juni, arrangerte friluftsnemnda i Bokn eit møte om friluftsinteressene i den nye kommuneplanen.

Det var godt frammøte og leiaren i Nord-Rogaland og Sunnhordl.friluftsråd Morten Dåsnes orienterte om Nord-Rog. og Sunnhordl.friluftsråd sitt arbeid og kva hjelp me eventuelt kunne få frå Nord-R. og Sunnhordl.friluftsråd.

På møte kom det fram ulike ønskjer: tursti i området nord for Boknafjellet, eventuelt i samarbeid med idrettslaget å få laga eit turorienteringskart. Det var sterkt ønskje om å få med dette i arealdelen av kommuneplanen.

Mange sakna ein god og lett tilgjengelig badeplass for Føresvik/Alvestadområdet. Kommunen sitt område ved grustaket blei nemnd.

Deltakarane på møtet bad friluftsnemnda om å senda ein søknad til formannskapet om dette.

Friluftsnemnda er godt nøgd med den responsen det var på møtet. Deltakarane ga uttrykk for at arbeidet for friluftsinteressene måtte bli fylgt opp.

Sigrunn Hole Hosaas



## UTVIDING AV KONSESJON FOR TO SMOLTANLEGG I BOKN

Bokn kommunestyre vedtok den 3.mai å tilrå at både Øvrebø Fiskeoppdrett A/S og Bokn Settefisk A/S får utvida sine konsesjonar med respektive 100.000 til 200.000 sjødyktig settefisk pr. år og 100.000 til 200.000 smolt pr. år.

Kommunestyret seier i vedtaket at søknadene ikkje er i konflikt med kommunale planer, og at forureining i dei aktuelle områda må begrenast mest muleg.

Kommunestyret hadde som pkt. 3 i

vedtaket som gjeld Øvrebø Fiskeoppdrett A/S denne passus:

- Eventuelle privatrettslege forhold vedk. vassrettane bør vera avklart før tillatelse gis. Kommunestyret viser til festekontraktenes pkt.2, som omhandlar vassrettar i Gunnarstadvatnet, samt til skriv frå øvrige grunneigarar til vatnet, dagsett 8.11.83.


Kommunen forutset at Øvrebø Fiskeoppdrett A/S må koma fram til ein avtale med dei berørte grunneigarane vedr. vassrettar før oppdrettsanlegget vert påbyrja. -

Dette siste pkt. vart vedteke med 8 mot 8 røyster, og ordføraren si dobbeltrøyst avgjorde at pkt. 3 vart vedteke.

**-KOM SÅ BYGGER VI-**



**Se vår huskatalog**



70 SIDER MED HUS OG INFORMASJON !

Kontakt vårt kontor – kom gjerne innom – så får du se tegninger på det huset du vil ha.

**HØY STANDARD • GUNSTIGE PRISER**

**VI HAR KONTOR PÅ BOKN (GAMLE SR-BANKSLOKALER)**

**FAST KONTORTID:**

**MAND. 10<sup>00</sup>-14<sup>00</sup>, 17<sup>00</sup>-19<sup>00</sup>**

**FRED. 10<sup>00</sup>-14<sup>00</sup>, 15<sup>30</sup>-17<sup>30</sup>**


**KONTAKT SOLVEIG GUNDERSEN**

**FOR AVTALER: TLF. 748501**

AVALDSNES KIRKE



**UTVIK**



TRELAST- OG BYGGEFORRETNING  
4262 AVALDSNES - TLF 04-843771

## STORT FLEIRTAL I KOMMUNESTYRET MOT OPPDRETTSANLEGG I FLØSUND-OMråDET

Bokn kommunestyre gjorde den 14.juni vedtak om at ein ikkje vil tilrå at det vert gitt konsesjon for etablering av oppdrettsanlegg ved Fløsund nå, og at ei bruksmessig avklaring av områda skal skje gjennom komande kystsoneplanen.

Vedtaket vart gjort mot ei røyst (Svein Ove Alvestad).


Bokn kommune har også i kommuneplanframlegget 1981 - 1992 vedtatt at Fløsund bør sikrast som regionalt bade- og båtutfartsområde.

Tidlegare vedtak frå den kommunale friluftsnemnda og fylkesfriluftsnemnda viser også at det er interessekonflikt mellom oppdretts- og friluftsinteresser i dette området.

I kommunestyredebatten sa Svein Ove Alvestad at friluftsinteressene hadde fått sine interesser dekkja i denne delen av kommunen ved at eit område ved Ognahabn var avsett til friluftsområde.

Finn Kro sa at han i utgangspunktet var positiv til nyetableringar, men at han stilte seg spørjande til om dette grunne området var eigna til oppdrettsanlegg.

Det var fleire som sa dei hadde endra syn i denne saka etter kvart som ho vart behandla. Dei såg nå at området i praksis ikkje ville bli brukt til friluftsføremål dersom det kom oppdrettsanlegg.



## HJARTE/KAR UNDER- SØKING I BOKN .

Alle mellom 15 - 70 år blir truleg  
undersøkt i haust.

Til hausten har alle kommunane i Rogaland tilbod om ein hjarte/kar undersøking av alle personar mellom 40-42 år. To kommunar, nemleg Bokn og Utsira, får truleg ei utvida undersøking. Her vil alle mellom 15-70 år bli innkalla til undersøking.

Undersøkinga går ut på at blodtrykket vert målt, pluss at det vert tatt ein blodprøve for å undersøkja kolesterolinnehaldet i blodet. Elles blir det høgde og vektkontroll.

Ein skal også fylla ut eit skjema om kostvanar, røyking og mosjon. Dette

blir utsendt med innkallinga.

Ut av dette set ekspertane saman ein risiko-profil som gir kvar person eit risiko-tal.

Dei som får høge risiko-tal vil få tilbod om oppfylgjing som går ut på individuell rådgjeving og/eller behandling for å få ned risikoen.

Det er Statens helseundersøkelse i samband med Fylkeslegen som står for opplegget i lag med helsetenesta i kommunane. Undersøkinga vil foregå i første del av november 1988.

## ENDRING AV STILLING FRÅ LEIAR AV HOV- EDBIBLIOTEK TIL BIBLIOTEKSJEF.

Formannskapet handsama i møte den 29.april endring av stillinga som leiar av hovedbibliotek til biblioteksjef.

Endringa av stillinga følgjer direkte av lov om folkebibliotek, § 5, der det heiter at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef. Krav til utdanning gjeld berre ved utlysing av ledig stilling som biblioteksjef. Stillinga som biblioteksjef er unormert, dvs. at det frå sentralt hald ikkje er bestemt lønspllassering for stillinga.

Formannskapet har vurdert avløning for stillinga ut i frå tilsvarande stillingar i Rennesøy, Finnøy, Hjelme land, Kvitsøy og Utsira kommunar, og vedtok i møte den 29.april å tilrå ovafor kommunestyret at stillinga som leiar av hovedbiblioteket blir endra til biblioteksjef frå 1.januar 1988.

Stillinga vart fastsatt løna i ltr. 20.

Kommunestyret vedtok i møte den 3. mai samråystes formannskapet si tilråding.



Kommunehelsetjenesten + Statens helseundersøkelser

# =PAR i HJERTER

*Sammen i kampen mot hjerte-karsykdommene*



**Statens  
helseundersøkelser**

Postboks 8155 Dep., 0033 Oslo 1. Tlf. (02) 20 76 55

## NÆRINGSPLAN for Bokn

Bokn formannskap vedtok i møte den 8.juni å oppnemna eit arbeidsutval på 3 personar pluss næringskonsulent for å få utarbeidd ein næringsplan for kommunen. Formannskapet skal vera styringsgruppe og skal haldast orientert om arbeidet.

## REGIONHAMN på Austre Bokn?

Bokn formannskap behandla i møte den 8.juni spørsmålet om å marknadsføra Bokn som plasseringsalternativ for regionhamn i Nord-Rogaland.Området på den nord/austlige sida av Austre Bokn kan høva godt til dette føremålet.Med Kyststamvegen ferdig ligg dette området fint til rette med kort avstand til dei større folkerike områda i regionen.

Bokn formannskap gjorde vedtak om å prioritera arbeidet med å presentera Bokn som eit alternativ for lokalisering av regionhamn.

En presentasjonsbrosjyre må stå ferdig ca. 1.august 1988.

## Bokn kommune får ARBEIDSGJEVAR- ANSVAR FOR FISKERIVETERINÆR -

Bokn kommunestyre vedtok den 3.mai at Bokn kommune skal påta seg arbeidsgjevaransvar for ei fiskeriveterinærordning for fiskeoppdrettarar i Bokn,Karmøy,Haugesund og Karmøy.Arbeidsgjevaransvaret skal ikkje medføra utgifter for Bokn kommune,då ein forutset at dei oppdrettarane som knyter seg til ordninga skal refundera utgiftene.

Den endelige avtalen skal vedtas av Bokn kommunestyre.

## BOKN BARNEHAGE

HAR I ÅR TATT INN ALLE SOM SØKTE

Alle søkerane har fått plass ved Bokn Barnehage,opplyser styrar Tove Steingildra.

Etter at nokre har gjort om på sine ynskje,har det laga seg slik at ingen er avviste. Det er nå heilt fullt belegg ved barnehagen.

## HÅRFIXEN STUDIO SOMMERFERIE

Vi stenger salongen de to første ukene av juli.

Alle kundene våre ønskes en riktig god sommer.

ANITA og MONA





# BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

## UTBETRINGSTILSKOT OG LÅN 1988

### IKKJE BEHOVSPRØVING PÅ UTBETRINGSLÅN

Ein viser til fullstendig kunngjering i Bokn Bygdeblad nr.5. Det står der at ordninga er behovsprøvd.

Dette er rett når det gjeld tilskot - men utbetringslån er ikke behovsprøvd.

Søknadsfrist for lån og tilskot er 15. juli 1988.

## LEDIG STILLING

### BIBLIOTEKSJEF - DELTIDSSTILLING

Frå 6. september 1988 vert det ledig ei deltidsstilling som biblioteksjef i Bokn kommune. Stillinga utgjer i dag 11,4 t. pr.veke, og av dette er opningstid 3 timer 2 dagar i veka.

Ny organisasjonsplan er under utarbeiding, og utviding av arbeidstid og nye arbeidsoppgåver innan kultursektoren kan bli aktuelt. Det krevs fagutdanning som bibliotekar.

Stillinga er løna i ltr. 20. Tilsetjinga skjer på dei vilkår som går fram av gjeldande lover, reglement og tariffavtalar.

Nærare opplysningar om stillinga får ein ved å venda seg til sekretären i kulturstyret Reidar Alvestad eller rådmann Jan Erik Nygaard tlf. (04) 74 85 00.

Søknadsfrist sendes Administrasjonsutvalet i Bokn, 4290 Føresvik.

Søknadsfrist: 25.juli 1988.

## KUNNGJØRING

### BOKN KOMMUNE FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR HYTTEBEBYGGELSE

Bokn bygningsråd har i møte den 8. juni vedtatt å legge forslag til reguleringsplan for gnr.10 bnr.2 ut til offentlig ettersyn i tida 15. juni til 13.juli.

Området, som er beliggende ved Sandvatn i Borgenvik, omfatter i alt 15 hyttetomter med tilhørende parkeringsplass.

Planen er utlagt til offentlig ettersyn på Boknatun og eventuelle merknader må være sendt Bokn bygningsråd innen den 13.juli 1988.

Bokn bygningsråd

## LEDIG STILLING

### SOM REINHALDSASSISTENT

Stilling som reinhaldsassistent i Kombibygget er ledig frå 1.august 1988.

Arbeidstid pr.veke vil bli 12,5 timer.

Stillinga lønes etter dei til ei kvar tid gjeldande tariffar og overenskomstar.

Bokn kommune vil gjerne skape tri- velege arbeidsforhold for alle tilsette og ser gjerne at arbeidet blir utført på dagtid i den utstrekning dette er praktisk muleg.

Nærare opplysningar om vaskeareal kan fås ved henvendelse til formannskapskontoret.

Søknaden må vera sendt formannskapskontoret innan 10.juli 1988.

## LEGE I FERIEN

## BOKN BYGDEMUSEUM

Legekontoret har ferieavvikling i  
tida 27.juni til 15.august.

I denne tida er det lege på kontoret:

tirsdag 5.juli

fredag 22.juli

fredag 5.august

### Opningstider:

Kvar sundag fra den 12.juni og ut  
august kl.15.00 - kl.18.00.

## HELSESTASJONEN

Helsesøster har ferie fra 27.06 til  
og med 17.07.

Dersom nokon har lyst å gå i museet  
utanom opningstida, må dei venda seg  
til Målfrid Kro Trosnavåg tlf.  
74 83 55.

### GIROGEBYR I SR-BANK BOKN.

Frå 1. juni er girogebyra (same satsar for bank- og postgiro)  
endra slik at dei ferdig utfylte giroane (inkludert kontonummer  
og avsendars signatur) vert billegrare, andre noko dyrare.

Ferdig utfylte giroar	Kr. 2,-
Kontant betalte	" 5,-
Utan mottakars kontonummer	" 10,-
Interne giroar/overfer. i SR-BANK Bokn	" 0,-
Øvrige giroar (heilt eller delvis utfylte av personalet)	" 5,-
Samlegiro (maks 30 stk)	" 25,-

For dei det ikkje hever å møte i banken med  
giroane, vil vi anbefala SR-BETALINGSKONVOLUTT  
(Denne er ferdig adressert til banken og kan sendast  
ufrankert.)

På grunn av postgangen vil vi minna om at giroar  
må leverast i banken før kl 14.00 for å koma videre  
med dagens post.

**SR-BANK Bokn**